



St.prp. nr. 20

(2008–2009)

Om endringer i statsbudsjettet for 2008 under Justis- og politidepartementet (drift av redningshelikoptertenesta)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 14. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne stortingsproposisjonen legg Justisdepartementet fram forslag til styrking av redningshelikoptertenesta, jf. omtale av drifts- og vedlikehaldskostnadane for denne tenesta under kap. 455 Redningstjenesten i St.prp. nr. 59 (2007-2008) Tilleggsløyvar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2008.

2 Bakgrunn

I St. prp. nr. 1 (2007-2008) blei redningshelikoptertenesta styrkt med om lag 160 mill. kr til drift og investeringar i samband med etablering av tilstadevakt ved redningshelikopterbasane på Ørland og Rygge, etablering av ny redningshelikopterbase i Florø, auka vedlikehaldskostnadar og vidareføring av prosessen for kjøp av nye redningshelikopter. Forsvarsdepartementet har gjort ein ny gjennomgang av kostnadane til redningshelikoptertenesta. Denne viser ytterlegare auka kostnadar for å kunne oppretthalde redningshelikoptertenesta på det nivået som er vedtatt. Som fylje av dette har redningshelikoptertenesta i handsaminga av St.prp. nr. 59 (2007-2008) blitt tilført ytterlegare 15 mill. kr til drift i 2008, jf. Innst. S. nr. 270 (2007-2008). Med årsak i

signala våren 2008 har Forsvarsdepartementet og Justisdepartementet gjort ei grundig vurdering av stoda. Det er framleis økonomiske utfordringar for å kunne oppretthalde redningshelikopterberedskapen for 2008.

3 Tilstadevakt Rygge og Ørland – oppretting av ny base i Florø

I St.prp. nr. 1 (2007-2008) varslar Regjeringa at den nye redningshelikopterbasen i Florø vil være i drift frå 2009. Opphavlege kostnadsoverslag var basert på eit konsept der innkvarteringsbygg skulle byggjast rett ved sidan av hangarane. Etter at tiltaket på Rygge, Ørland og Florø blei vedteke synte nye kostnadsoverslag at dei opphavlege kostnadsoverslaga var for låge. Ein del av dette skyldes prisstigning i byggemarknaden, men òg at tidlege vurderingar hadde teke utgangspunkt i plasthangar i Florø, noko som Forsvarsbygg ikkje kunne anbefale då dette ikkje ville oppfylle brukskrava i sterk vind.

Justisdepartementet og Forsvarsdepartementet gjekk gjennom det opphavlege konseptet og blei samde om at ein skulle nytte eksisterande kasernar på Rygge og Ørland i staden for å byggje nytt. Tilsvarende løysning er nytta på Banak, som har hatt

tilstadevakt sidan hausten 2006. I Florø må det i utgangspunktet byggjast ny hangar og nytt innkvarteringsbygg, men det vil i ein overgangsperiode bli nytta forbigåande løysingar til innkvarteringsbygga er ferdigstilte. Ved å nytte denne løysinga vil tilstadevakt på Rygge og Ørland og ny base i Florø kunne gjennomførast til opphavleg budsjett. Tilstadevakt på Rygge og Ørland blei sett i gang 1. juli 2008 i samsvar med planen.

Basen i Florø vil være klar til oppstart i 2009. Grunnen til at oppstart vil bli noko utsett er blant anna utfordringane som oppsto rundt kostnadsoverslaga med behov for endra løysingar og lokale planprosessar.

4 Nærare om drift av redningshelikoptertenesta

For å ha full bemanning på beredskapshelikoptra på 5 baser, 24 timer i døgnet, 365 dagar i året, krevst 21 helikopterbesetningar. Kvar besetning må ha 210 flytimar i året for å være godkjent som redningshelikopterbesetning. Av desse timane har dei siste åra ca. 25 % blitt nytta til søks- og redningsoppdrag, 22 % til ambulanseoppdrag, 30 % til eigen trening og ca 10 % blir nytta av Forsvaret til eigne oppdrag. Resten går til diverse anna som testflyging, utsjekk av nye pilotar og liknande.

Det er heilt nødvendig at besetningane på redningshelikoptra flyg så mange timar i året, då mange av redningsoppdraga er under ekstreme og vanskelege forhold. Dersom det i periodar blir færre rednings- eller ambulanseoppdrag må besetninga kompensere ved å flyge meir eigentrening.

Helikopter må vedlikehallast etter eit visst tal flytimar. Når helikoptret har flyge det talet timar som er sett som grense, må det inn til ulike slag vedlikehald. Programmet for når helikoptera må inn til vedlikehald blir fastsett av produsenten av helikoptra, og er ikkje noko som kan påverkast av brukarane. Programmet inneber òg at helikoptra må vedlikehallast oftare di eldre dei er. Som fylje av alder har jamvel helikoptra dei siste åra gått gjennom IRAN- inspeksjonar (Inspection and Repair As Necessary) som inneber at helikoptra blir tatt frå kvarandre for ein total gjennomgang og inspeksjon. Tryggleiksansvarleg i Luftforsvaret har vedteke at desse inspeksjonane må gjennomførast kontinuerleg fram til helikoptra blir bytta ut.

For å halde oppe beredskapen er det nødvendig å unngå at helikoptera blir ståande lenge på bakken ved uventa problem. Dette krev eit visst lager av reservedelar på basane.

Budsjett for redningshelikoptertenesta blir i stor grad styrt av det som går fram over. Det at helikoptra er ca. 35 år gamle gjer at det er bruk for meir vedlikehald.

Kostnadsaukinga vert difor i hovudsak knytt til teknisk drift og er mellom anna samansett av desse elementa:

- Ytterligere auke i vedlikehaldskostnader (IRAN) utover tidligare overslag
- Tilleggskostnadar som følgje av auka aktivitetsnivå frå 4000 flytimar til 4200 flytimar ved opprettinga av Florø, her under drivstoffauke
- Auka behov for innkjøp av reservedelar for å redusere etterslep
- Auke i lønn/tillegg for personell innan teknisk drift
- Oppbygging av lokal behaldning av reservedelar i samband med oppretting av fast base ved Rygge som òg inneber oppretting av verkstad.

Uavhengig av behovet knytt til etablering av tilstadevakt og ny base er det derfor nødvendig å styrkje tilskotet til drift, og i samband med handsaminga i Stortinget av St.prp. nr. 59 (2007-2008), jf. Innst. S. nr. 270 (2007-2008), blei drifta styrkt med 15 mill. kr. Likevel er det for 2008 framleis nødvendig å styrkje driftsbudsjettet til redningshelikoptertenesta for å oppretthalde aktiviteten samt fortsette planen med oppstart av ny redningshelikopterbase i Florø slik at beredskapen for kysten med stor olje-relatert verksemd og mykje fiskeriaktivitet kan verte betre. Prognosane på drift pr. 1. august 2008 inneber at drifta må styrkjast med 33,75 mill. kr i 2008 dersom ikkje tilbodet skal reduserast.

Justisdepartementet legg derfor med dette fram eit endringsforslag til drift av redningshelikoptertenesta.

5 Endringsforslag

Kap 455 Redningstenesta

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker bl.a. utgifter til den offentlege redningshelikoptertenesta, inklusiv tilstadevaktordninga.

Prognosane på drift pr. 1. august 2008 inneber at drifta må styrkjast med 33,75 mill. kr i 2008 for å kunne oppretthalde redningshelikopterberedskapen. Justisdepartementet foreslår derfor å auke kap. 455, post 01 med 33,75 mill. kr.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Justis- og politidepartementet (drift av redningshelikoptertenesta).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Justis- og politidepartementet (drift av redningshelikoptertenesta) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Justis- og politidepartementet (drift av redningshelikoptertenesta)

I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
455		Redningstenesta	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	33 750 000
		fra kr 460 827 000 til kr 494 577 000	



Tyske A/S O. Fredr. Annesen. November 2009